



Far Bjørn Olav og son Viljar frå Uskedalen sit framst og Johannes Romstad frå Odda og Stein Gertz frå Husnes bak

**Sjakkinteressa har teke av no når Noreg har fått ein verdsmeister, men her i distriktet har det fascinerande spelet ikkje heilt fått luft under vingane.**

**Ikkje før no. Noko har skjedd, Ein klubb som dekkjer heile Folgefonnaområdet er under skiping og i dag har det vore ei treningsøkt i bank-kantina i Rosendal. Der stilte det opp 8 som spela og Uskedalen var godt representert.**



3 generasjoner satsar på sjakk!

Det er Haldor Tveit som har teke initiativet og han fekk inspirasjonen i samband med at sjakken vart eit programpost under siste Festidalen.

Idag hadde 68-åringen med seg både sønnen Bjørn Olav (42) og sønnesønnen Viljar (11) så no er det grotid for spelet! Haldor kjenner ikkje til at det før har vore noen sjakk-klubb i vårt område. men no skal det vera ein som er aktiv på Fitjar.

Den nye klubben er ikkje konstituert enno, men den får eldpøva si allereie neste lørdag på Fjordhotellet.

Ddet skjer i Vestlandsserien der Folgefonn stiller opp i 2. divisjon nord og har 6 konkurrentar. Dei er Bergen 4, Sotra 4, Søråshøgda 2, Søråshøgda 1, Sotra 3 og Masfjorden 2. I Rosendal i dag vart det ved amerikansk uttaging avgjort kven den nye klubben skal stilla opp med.

Kvart lag deltek med 4.og det vert truleg Stein Getz frå Husnes, Aslak Jonvik frå Odda, Bagher Portazedi frå Stord/Iran og Knut Steinar Bu frå Odda som stiller for Folgefonn. Masfjorden-laget er den første motstandaren.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen